



Stendal VVS AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/967 - 16/9109

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
18.05.2016

Godkjenning - tilkopling til kommunalt vassverk gbnr 25/40 på Fosse

Administrativt vedtak. Saknr: 124/2016

Saksutgreiing:

Det er i søknad, dagsett 12.04.2016, søkt om tilkopling til kommunalt vassverk for bustadhus på eigedomen gbnr 25/40 på Fosse. Eigedomen skal koplast til det kommunale vassverket via godkjent felles privat stikkledning. Den nye private stikkledningen er på om lag 330 meter, og vart godkjent i sak DNT.118/2016, og går ut frå privat kum som ligg på eigedomen gbnr 25/13, der tidlegare privat stikkledning er etablert. Det ligg føre naudsynte erklæringar som gjev eigedomen gbnr 25/40 løyve til dette.

Vurdering:

Eigedomen har godkjent avlaupsløysing med slamavskiljar. Naudsynte erklæringar ligg føre og administrasjonen har ingen merknad til at eigedomen vert tilknytt det kommunale vassverket.

Plassering:

Tiltaket skal plasserast som vist på motteke situasjonskart, dagsett 12.04.2016.

Ansvarsrett:

Ansvarsrett i saka går fram av erklæring om ansvarsrett og gjennomføringsplan, dagsett 12.04.2016. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav i eller i hedhald av lov, jf pbl § 23-1.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner at bustadhus på gbnr 25/40 vert tilknytt kommunalt vassverk i samsvar med søknad, dagsett 12.04.2016 på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.

- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.
- Tilknytninga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytninga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2016 er tilknytingsgebyret for vatn kr 15 000,- pluss mva, per bueining.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og plan- og bygningslova.»

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilkopling 25-40

Kopi til:

Svenn Tore Jordal

Fosse 226

5918

FREKHAUG

Mottakere:

Stendal VVS AS

Blombakken 1

5911

ALVERSUND